



Vil du delta i eit forskingsprosjekt om talespråksferdigheiter hjå barn mellom 0 og 18 månader?

Dette er ein førespurnad til deg om du vil delta i forskingsprosjektet *Undersøkelse av talespråksferdigheter hos barn mellom 0 og 18 måneder: En validering av spørreskjemaet LittleEARS Early Speech Production Questionnaire (LEESPO)*. I dette skrivet finn du informasjon om prosjektet og kva ei eventuell deltaking vil kunne innebere for deg.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å kvalitetssikre eit spørjeskjema om talespråksferdigheiter hjå barn mellom 0 og 18 månader. For små barn i denne alderen er det vanskeleg å kunne delta i tradisjonelle språktestar. Føresette har mykje kunnskap om korleis deira barn kommuniserer i kvardagen gjennom lyder, ord og enkle setningar etter kvart som dei vert eldre. På norsk manglar det kvalitetssikra spørjeskjema for tidleg talespråksutvikling som føresette kan fylle ut. No er eit slikt spørjeskjema omsett til norsk, og dette forskingsprosjektet tar sikte på å prøve det ut. I forskingsprosjektet skal me undersøkje talespråksferdigheiter hjå barn som er mellom 0 og 18 månader og 29 dagar.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Prosjektet er eit samarbeid mellom forskarar ved Uppsala universitet, Universitetet i Oslo og OsloMet. Parallelt med valideringa i Noreg, vil det vere ei validering av same spørjeskjema i Sverige og Finland.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Dersom du er føresett til eit barn som er i aldersspennet 0 til 18 månader og 29 dagar ynskjer me å ha deg med i prosjektet. Prosjektet rekrutterer deltakarar gjennom sosiale media, barnehagar, helsestasjonar og andre arenaer der me kan kome i kontakt med småbarnsforeldre. Prosjektet er ope for alle som ynskjer å delta, men barnet ditt må ha norsk som sitt morsmål og normal høyrsel.

Kva inneber deltaking i prosjektet for deg og ditt barn?

Dersom du ynskjer å delta i prosjektet vil du få fylle ut eit spørjeskjema der me stiller deg spørsmål om føresette sin bakgrunn, om familien sin kvardag med barnet og om barnet sin talespråklege utvikling. Spørreskjemaet tar mellom 5 og 10 minutt å fylle ut.

Det er frivillig å delta

Det er heilt frivillig å delta i denne undersøkinga. Me vil ikkje be deg om personidentifiserande informasjon og dine svar vil ikkje på noko tidspunkt kunne sporast tilbake til deg i etterkant av deltakinga. Sidan me ikkje samlar inn opplysningar som vil kunne nyttast til å identifisere deg som deltakar, inneber dette og at det ikkje er mogleg å trekke samtykke du har gjeve etter du har delteke. Om du trykkjer på at du samtykkjer til studien nedst på denne sida og så fyller ut skjemaet, vil det vere ein endeleg stadfesting på deltaking.



UNIVERSITETET I OSLO

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Me vil berre bruke opplysningane om deg til dei føremåla me har fortalt om i dette skrivet. Me handsamar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. I prosjektet kjem me til å samle inn og registrere informasjon om deg, din familie og ditt barn. Ingen av desse opplysningane vil kunne vere moglege å spore tilbake til dykk, og alle data som samlast inn i dette prosjektet vil soleis vere heilt anonyme. Berre forskarar tilknytt studien vil ha tilgang til den informasjonen som samlast inn, og alle opplysningane vil lagrast i Teneste for Sensitive Data (TSD). Ved publisering av resultatata, vil dei anonyme dataa kunne delast med forskarar i Sverige og Finland, men ingen opplysningar vil behandlast utanfor EU.

Ansvarleg for prosjektet

Ulrika Löfkvist, Docent, universitetslektor, Med.dr., leg. logoped, Uppsala universitet & Region Uppsala, e-post: ulrika.lofkvist@pubcare.uu.se

Simon Sundström, førsteamanuensis, Ph.d., logoped, Universitetet i Oslo, e-post: simon.sundstrom@isp.uio.no

Christiane Lingås Haukedal, førsteamanuensis, Ph.d., logoped, Oslomet, e-post: chrislh@oslomet.no

chrislh@oslomet.no

Samtykkje til å delta i studien

Om du trykkjer deg vidare til spørjeskjemaet på neste side samtykkjer du til å delta i studien, og det vil ikkje vere mogleg å trekkje samtykkje etter at du har gått vidare. Ingen informasjon som vert oppgitt vil kunne identifisere deg som person i etterkant.